Førsteblad



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Etne

Emne: Ard og Plog

Bygdelag: —"—

Oppskr. av: Trygve Vinje

Gard: Vinje

(adresse): Frette

G.nr. 59 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. For det meste etter det gamle folk har fortalt meg

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ard har vore bruka alle stader her før

2. Ard er ikkje i bruk no.

5. Skykene til ard og plog har vore og er såleis:



6. Desse skykene vert kalla drætte no, før sa dei ardrætte. Dei hadde då sers drætte til horv og til møkslede ofte.

Kjettingen i drættet kallar dei endå arlekkje her. og den strekningen hesten må gå lenger inn til åkerreina for å dra plogen til endes på åkeren, kallar me framleis arrekkje.




1424

13. No veit det berre å bruka moderne fabrikk-plogar.
For ca 50 år sidan slutta folk jamtover med å bruka heimelaga plogar.
Dei gamle plogane vart laga av smedar her i Etne. Den siste her som laga plogar, var Jens Gjerde. Han hadde seg godt ord for plogane sine og selde ikkje så lite av dei til folk i andre bygdar. Jensaplogar, vart dei kalla i Etne.
Dei plogane Jens Gjerde laga, likna på type 14 i spørjelista. Noko få smedar-beidde plogar på Jæren vart kjøpte for ca 50 år sidan. Dei hadde godt ord, men dei fleste bruka „Jensaplog" like til dess fabrikkplogane kom.

15. Plogkaren hadde alltid ei lita trespade til å reinska veltefjøla med.

16. 17. Var påslege ein kloss til å kjøra plogen på under tomkjøring

19. På dei gamle smedplogane var det ikkje noko regulering for djupna. Det var største kunsten å få dei til å gå nedi jorda — dei ville helst gå oppå.
Det var vanleg at plogkaren måtte spada mykje i åkeren attåt pløyinga.
Gamle folk sa alltid ard når dei tala om plog — og plogkniven kalla dei ristel (ristedl)

1424

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING